



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Volda samfunnshus  
**Dato:** 29.11.2018  
**Tid:** 14:00-15:10

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Idar Flo	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Edvin Dale	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jan Henning Egset	Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	AP



## VOLDA KOMMUNE

Egil Berg

Edvin Dale

FRP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef PS 125/18, PS 127/18, PS 130/18 og PS 131/18
Inger Lise Kaldhol	Kommuneoverlege PS 125/18 og PS 126/18
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef PS 125/18 og PS 126/18

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 122/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 123/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 124/18	<b>Økonomirapport september 2018</b>
PS 125/18	<b>Utvikling av legevakta</b>
PS 126/18	<b>Oppretting av ny fastlegeheimel, Volda kommune</b>
PS 127/18	<b>Flytting av investeringsmidlar</b>
PS 129/18	<b>Søre Sunnmøre Tingrett – Domstolgrenser</b>
PS 130/18	<b>Endring av vedtektene for Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) – låneopptak</b>
PS 131/18	<b>Låneopptak i 2018 og for perioden 2012-2017 for SSIKT</b>
PS 132/18	<b>Møteplan for politiske møte 2019</b>
PS 133/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 41/18	<b>Kontrollutvalet - Sak 30-18 Oppfølging forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats</b>
OS 42/18	<b>Kontrollutvalet - protokoll frå møte 20.09.2018</b>



## VOLDA KOMMUNE

OS 43/18	<b>Revisjon av aksjonæravtale i Tussa</b>
FO 10/18	<b>Grunngeve spørsmål om butilhøva i Smalebakken</b>
PS 134/18	<b>Delegerte saker frå avdelingane</b>
DS 160/18	<b>Løyve til tiltak, carport Gbr 30/366</b>
DS 161/18	<b>Ferdigattest, opprusting av rås Brundalen Gbr 89/1</b>
DS 162/18	<b>Ferdigattest, takoverbygg Gbr 95/31</b>
DS 163/18	<b>Ferdigattest, ombygging Gbr 19/23</b>
DS 164/18	<b>Igangsettingsløyve Gbr 30/337</b>
DS 165/18	<b>Løyve til tiltak - Trappeheis - Gbr 19/805</b>
DS 166/18	<b>Ferdigattest, turveg Elvadalen Gbr 29/46</b>
DS 167/18	<b>Løyve til tiltak, riving Gbr 19/503/11</b>
DS 168/18	<b>Igangsettingsløyve, infrastruktur Gbr 30/341</b>
DS 169/18	<b>Ferdigattest, garasjet Gbr 6/35</b>
DS 170/18	<b>Igangsettingsløyve, garasje Gbr 30/4</b>
DS 171/18	<b>Ferdigattest, bustad Gbr 54/7</b>
DS 172/18	<b>Ferdigattest, tilbygg Gbr 5/5</b>
DS 173/18	<b>Igangsettingsløyve Gbr 18/7</b>
DS 174/18	<b>Ferdigattest, terrasse Gbr 20/94</b>
DS 175/18	<b>Løyve til tiltak, riving av bustad Gbr 56/5</b>
DS 176/18	<b>Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/245</b>
DS 177/18	<b>Ferdigattest, garasje, gbr 89/9</b>
DS 178/18	<b>Løyve til tiltak, stålpipe Gbr 6/6</b>
DS 179/18	<b>Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/535</b>
DS 180/18	<b>Løyve til endring Gbr 27/57</b>
DS 181/18	<b>Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 19/839</b>
DS 182/18	<b>Ramme - og igangsettingsløyve, infrastruktur Myravegen Gbr 30/423</b>
DS 183/18	<b>Ferdigattest, carport Gbr 30/366</b>
DS 184/18	<b>Løyve til tiltak, riving Gbr 19/503/17</b>
DS 185/18	<b>Ferdigattest Gbr 11/23</b>
DS 186/18	<b>Ferdigattest, bygning Gbr 11/93</b>
DS 187/18	<b>Ferdigattest, påbygg Gbr 30/146</b>
DS 188/18	<b>Rammeløyve, tilbygg og fasadeendring Gbr 20/406</b>
DS 189/18	<b>Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 15/40</b>
DS 190/18	<b>Løyve til tiltak, ombygging Gbr 18/205</b>
DS 191/18	<b>Ferdigattest, rehab.pipe Gbr 5/30</b>
DS 192/18	<b>Rammeløyve, infrastruktur Gbr 30/341</b>
DS 193/18	<b>Ferdigattest, bruksendring Gbr 19/753</b>
DS 194/18	<b>Ferdigattest Gbr 12/43</b>
DS 195/18	<b>Ferdigattest, riving Gbr 18/7</b>
DS 196/18	<b>Ferdigattest, reiskapsbygning Gbr 92/1</b>



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 122/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Det var 27 møtande ved møtestart.

Innleiingsvis i møtet spelte Halvard Jørgen Amdam fiolin saman med lærar Inna Svendsen.

#### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 22.11.2018. Møtet vart annonsert i «Møre» den 24.11.2018.

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### **Røysting innkalling:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

#### **Sakliste:**

Rebecca Riise Bjerknes, SP, reiste spørsmål om kvifor sak om oppvekstsenter i Austefjorden ikkje er oppført på saklista. Rådmannen informerte om at saka vert lagt fram til handsaming på neste møte den 13. desember.

Odd Harald Sundal, SP, kom med framlegg om at sak, PS 128/18 Skulekrinsar i nye Volda kommune, vert utsett til neste møte den 13. desember.

Røysting utsetting av sak PS 128/18:

Det vart samrøystes vedteke å utsette saka til neste møte.

#### **Røysting sakliste:**

Saklista, med endring, vart samrøystes godkjent.

#### **Dokument lagt ut på lesebretta 28.11.2018:**

- Grunngeve spørsmål frå Gunnar Strøm, SV, med svar frå ordføraren om butilhøva i Smalebakken.
- Protokoll frå formannskapsmøte 27.11.2018.

### **PS 123/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**



# VOLDA KOMMUNE

## Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 08.11.2018 vart samrøystes godkjent.

## PS 124/18 Økonomirapport september 2018

### Tilråding i formannskapet - 20.11.2018 til kommunestyret:

- Økonomirapport september 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.*
- Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:*

<b>BUDSJETTENDRING SEPTEMBER 2018</b>	<b>Endring inntekt</b>	<b>Endring utgift</b>	<b>Netto endring</b>
Endring Frie inntekter	- 3 250 000		- 3 250 000
Auka ramme Helse og omsorg		2 500 000	2 500 000
Auka ramme Opplæring og oppvekst		2 000 000	2 000 000
Ressurskrevjande tilskot - Avlastninga	- 1 500 000	1 500 000	-
Tiltak Bratteberg og Avlastning, reduksjon skule		- 398 924	- 398 924
Tiltak Bratteberg og Avlastning, auke omsorg		398 924	398 924
Refusjonar veg - auke i vedlikahald	- 494 000	494 000	-
Reduksjon kostnadar Barnevern Volda		- 750 000	- 750 000
Bruk av disposisjonsfond	- 500 000		- 500 000
<b>Sum budsjettendring</b>	<b>- 5 744 000</b>	<b>5 744 000</b>	<b>-</b>

- Eigenkapitalinnskot KLP, kr. 2 115 349, prosjekt 901300 i investeringsrekneskapen, vert finansiert frå unyttta lånemidlar knytt til Øyra skule prosjekt 501004*

## Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møte.

## Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 29.11.2018:

- Økonomirapport september 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.*
- Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:*

<b>BUDSJETTENDRING SEPTEMBER 2018</b>	<b>Endring inntekt</b>	<b>Endring utgift</b>	<b>Netto endring</b>
Endring Frie inntekter	- 3 250 000		- 3 250 000



## VOLDA KOMMUNE

Auka ramme Helse og omsorg		2 500 000	2 500 000
Auka ramme Opplæring og oppvekst		2 000 000	2 000 000
Ressurskrevjande tilskot - Avlastninga	-	1 500 000	1 500 000
Tiltak Bratteberg og Avlastning, reduksjon skule	-	398 924	- 398 924
Tiltak Bratteberg og Avlastning, auke omsorg		398 924	398 924
Refusjonar veg - auke i vedlikahald	-	494 000	494 000
Reduksjon kostnader Barnevern Volda	-	750 000	- 750 000
Bruk av disposisjonsfond	-	500 000	- 500 000
<b>Sum budsjettendring</b>	<b>-</b>	<b>5 744 000</b>	<b>5 744 000</b>

3. *Eigenkapitalinnskot KLP, kr. 2 115 349, prosjekt 901300 i investeringsrekneskapen, vert finansiert frå unytta lånemidlar knytt til Øyra skule prosjekt 501004*

### PS 125/18 Utvikling av legevakta

#### Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret har som intensjon at Volda kommune etablerer felles legevaktdistrikt med Ørsta kommune utanom dagtid på kvardagar.*
2. *Det er ein intensjon at denne felles legevakta vert lokalisert ved ambulansestasjonen i Hovden/Furene.*
3. *Det blir oppretta ei prosjektstilling på 30% i eit halvt år som får ansvaret for å forhandle med HMR om leige av lokale og for å planlegge og kome med framlegg til drift. Volda kommune sin andel vert finansiert i budsjettet for 2019.*
4. *I planlegginga skal det vurderast om*
  - *Resterande samarbeidskommuner nattlegevaktordning i dag blir invitert til å halde fram med samarbeidet om nattlegevakta.*
  - *Legevaktssentralen skal flyttast frå sjukehuset til den nye legevakta*

*Vedtaket forutset eit likelydande vedtak i Ørsta kommune.*

#### Handsaming:

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol og helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten møtte.

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i kommunestyret - 29.11.2018

1. *Kommunestyret har som intensjon at Volda kommune etablerer felles legevaktdistrikt med Ørsta kommune utanom dagtid på kvardagar.*



## VOLDA KOMMUNE

2. *Det er ein intensjon at denne felles legevakta vert lokalisert ved ambulansestasjonen i Hovden/Furene.*
3. *Det blir oppretta ei prosjektstilling på 30% i eit halvt år som får ansvaret for å forhandle med HMR om leige av lokale og for å planlegge og kome med framlegg til drift. Volda kommune sin andel vert finansiert i budsjettet for 2019.*
4. *I planlegginga skal det vurderast om*
  - *Resterande samarbeidskommuner nattlegevaktordning i dag blir invitert til å halde fram med samarbeidet om nattlegevakta.*
  - *Legevaktssentralen skal flyttast frå sjukehuset til den nye legevakta*

*Vedtaket forutset eit likelydande vedtak i Ørsta kommune.*

### **PS 126/18 Oppretting av ny fastlegeheimel, Volda kommune**

#### **Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:**

1. *Kommunestyret opprettar ein ny fastlegeheimel i Volda kommune, hausten 2018.*
2. *Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket vert å innarbeide i budsjettet for 2019.*
3. *Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ein plan for legetenesten i NyeVolda i løpet av 2019.*
4. *Kommunestyret er innforstått med behovet for å gjennomføre utbygging av legesenteret, og at dette blir prioritert og iverksett/ferdigstilt 2019-2020 ref. sak 2015/1791, pkt 4. og 5.*

#### **Handsaming:**

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol og helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten møtte.

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Punkt 5 i tilrådinga frå tenesteutval for helse og omsorg vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i kommunestyret - 29.11.2018**

1. *Kommunestyret opprettar ein ny fastlegeheimel i Volda kommune, hausten 2018.*



## VOLDA KOMMUNE

- 2. Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket vert å innarbeide i budsjettet for 2019.*
- 3. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ein plan for legetenesten i NyeVolda i løpet av 2019.*
- 4. Kommunestyret er innforstått med behovet for å gjennomføre utbygging av legesenteret, og at dette blir prioritert og iverksett/ferdigstilt 2019-2020 ref. sak 2015/1791, pkt 4. og 5.*
- 5. Ved ombygging ber THO Kommunestyret at det vert teke omsyn til framtidig legebehov.*

### PS 127/18 Flytting av investeringsmidlar

#### **Tilråding i formannskapet - 20.11.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret går inn for at ubrukte investeringsmidlar kr 3.200.000,- kan flyttast frå prosjekt Øyra skule og prosjekt velferdsteknologi, for å finansiere innkjøp av ny buss til helse- og omsorgssektoren med kr 800.000,- eks mva og takmonterte personheiser i 2 etg. ved omsorgssenteret med kr 2.400.000 eks mva.*

#### **Handsaming:**

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 29.11.2018:**

*Kommunestyret går inn for at ubrukte investeringsmidlar kr 3.200.000,- kan flyttast frå prosjekt Øyra skule og prosjekt velferdsteknologi, for å finansiere innkjøp av ny buss til helse- og omsorgssektoren med kr 800.000,- eks mva og takmonterte personheiser i 2 etg. ved omsorgssenteret med kr 2.400.000 eks mva.*

### PS 129/18 Søre Sunnmøre Tingrett - Domstolgrenser

#### **Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at*





## VOLDA KOMMUNE

- kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
2. *Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
  3. *Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreiding av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretaast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
  4. *Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
    - a. *God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
    - b. *Utgangspunkt for eit juridisk kompetansmiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
    - c. *Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
    - d. *Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
  5. *Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparing. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
  6. *Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
  7. *Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*
  8. *Eventuelle samanslåingar eller felles leing av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*

### **Handsaming:**

Arild Iversen, Krf, kom med slikt framlegg til nytt punkt 9:

*Ei samanslåing av jordskifteretten og tingretten vil vere positivt. Likeins bør det arbeidast for å inkludere Ulstein og Hareid under dekningsområde for Søre Sunnmøre Tingrett.*

Odd A. Folkestad, Volda FrP, kom med slikt framlegg til nytt punkt 10:

*Søre Sunnmøre Tingrett - Rettskrins:*

- *Søre Sunnmøre Tingrett sin rettskrins er i dag samansett av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta og Volda.*
- *Fram til 1967 tilhørde også kommunane Hareid og Ulstein denne rettskrinsen, men dei vart då flytta over til Sunnmøre Tingrett. Grunngevinga for denne flyttinga var at til Ålesund var det betre/enklare båtkommunikasjon enn til Volda. Her er situasjonen sidan då totalt forandra. Eiksundsambandet frå 2008, har gitt ferjefri veg frå desse kommunane til Volda. - Det kan her vidare vere interessant å peike på at rekvirentar frå*



## VOLDA KOMMUNE

*begge disse 2 kommunane i dag er storbrukarar av notarialtenester frå Søre Sunnmøre Tingrett.*

- *Med omsyn til nye samferdselstilbod kan det og nemnast at Kvivsvegen frå 2014, - gir ferjefritt samband frå Volda til t.d. kommunane Hornindal, Stranda og Stryn.*
- *Slik Volda kommune ser det, vil det difor no vere nokså naturleg at den noverande rettskrinsen til Søre Sunnmøre Tingrett vert utvida til å omfatte fleire nye kommunar.*

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Arild Iversen, nytt punkt 9, vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Odd A. Folkestad, nytt punkt 10, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Kommunestyret - 29.11.2018**

1. *Kommunestyret i Volda aksepterer ikkje at Justisdepartementet framskundar Domstolkommisjonen si strukturutgreiing med frist allereie i oktober 2019. Vi krev at kommisjonen skal fylgje det vedtekne mandatet og framdriftsplanen frå 2017 og legg fram ein samla innstilling i august 2020.*
2. *Volda kommune opplever at Justisdepartementet og Domstoladministrasjonen på denne måten overstyrer prosessen slik at Stortinget ikkje får ei felles sak til handsaming.*
3. *Kommunestyret syner vidare til statsministeren sin uttale i samband med regjeringserklæringa om spreining av makt og mynde, og at potensialet for utvikling skal ivaretaast i alle delar av landet- i distriktet og i byar.*
4. *Tingretten på Søre Sunnmøre spelar ei viktig samfunnsmessig rolle i heile "Eiksundregionen" og i delar av Nordfjord ved:*
  - a. *God tilgang på kvalifisert arbeidskraft.*
  - b. *Utgangspunkt for eit juridisk kompetansmiljø i vekst- jfr uttale frå advokatar i regionen*
  - c. *Positive ringverknader for offentleg og privat næring i regionen og dermed tilflytting og busetnad*
  - d. *Tingretten yter gode tenester med nærleik til brukarar gjennom kort reiseveg og god lokalkunnskap. Dette er viktig for å sikre god kvalitet på forklaringar frå vitner, partar og politiet. Kort reiseveg reduserer reisekostnader. Sentralisering med auka reiseveg for alle vil vere ei miljømessig ulempe.*
5. *Evaluering frå 2010 i samband med tidlegare strukturendring av domstolane dokumenterer ikkje innsparring. Sentralisering vil skyve kostnader over på brukarane.*
6. *Før det vert gjort vedtak om domstolstruktur skal kommunane høyrast.*
7. *Ny domstolstruktur og organisering skal handsamast politisk i Stortinget.*



## VOLDA KOMMUNE

8. *Eventuelle samanslåingar eller felles leiting av domstolar skal skje frivillig og med bakgrunn i lokal semje.*
9. *Ei samanslåing av jordskifteretten og tingretten vil vere positivt. Likeins bør det arbeidast for å inkludere Ulstein og Hareid under dekningsområde for Søre Sunnmøre Tingrett.*
10. *Søre Sunnmøre Tingrett - Rettskrins:*
  - *Søre Sunnmøre Tingrett sin rettskrins er i dag samansett av kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ørsta og Volda.*
  - *Fram til 1967 tilhørde også kommunane Hareid og Ulstein denne rettskrinsen, men dei vart då flytta over til Sunnmøre Tingrett. Grunningivinga for denne flyttinga var at til Ålesund var det betre/enklare båtkommunikasjon enn til Volda. Her er situasjonen sidan då totalt forandra. Eiksundsambandet frå 2008, har gitt ferjefri veg frå desse kommunane til Volda. - Det kan her vidare vere interessant å peike på at rekvirentar frå begge desse 2 kommunane i dag er storbrukarar av notarialtenester frå Søre Sunnmøre Tingrett.*
  - *Med omsyn til nye samferdselstilbod kan det og nemnast at Kvivsvegen frå 2014, - gir ferjefritt samband frå Volda til t.d. kommunane Hornindal, Stranda og Stryn.*
  - *Slik Volda kommune ser det, vil det difor no vere nokså naturleg at den noverande rettskrinsen til Søre Sunnmøre Tingrett vert utvida til å omfatte fleire nye kommunar.*

### **PS 130/18 Endring av vedtektene for Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) - låneopptak**

#### **Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:**

*Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) sine vedtekter § 13 får punkt 3 og skal lyde (endringa er understreka):*

*«3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret. Maksimalt låneopptak i selskapet er kr 60.000.000. Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane..»*

#### **Handsaming:**

Rådmannen opplyste om at han er styremedlem i selskapet Søre Sunnmøre IKT og soleis inhabil i saka, jf. fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 2, han tok ikkje del i handsaminga av saka.

#### **Røysting (27 røystefore):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i Kommunestyret - 29.11.2018

*Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) sine vedtekter § 13 får punkt 3 og skal lyde (endringa er understreka):*

*«3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret. Maksimalt låneopptak i selskapet er kr 60.000.000. Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane..»*

### PS 131/18 Låneopptak i 2018 og for perioden 2012-2017 for SSIKT

#### Tilråding i formannskapet - 27.11.2018 til kommunestyret:

*Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) tek opp lån i 2018 for å finansiere nyinvesteringar dette året, samt kjøpe ut dei investeringane frå SSIKT som er aktivert i kommunane i perioden 2012-2017.*

*Samla låneopptak i 2018 er maksimalt kr. 28.000.000.*

#### Handsaming:

Rådmannen opplyste om at han er styremedlem i selskapet Søre Sunnmøre IKT og soleis inhabil i saka, jf. fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 2, han tok ikkje del i handsaminga av saka.

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 29.11.2018:

*Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) tek opp lån i 2018 for å finansiere nyinvesteringar dette året, samt kjøpe ut dei investeringane frå SSIKT som er aktivert i kommunane i perioden 2012-2017.*

*Samla låneopptak i 2018 er maksimalt kr. 28.000.000.*

Rådmannen tok sete.

### PS 132/18 Møteplan for politiske møte 2019



# VOLDA KOMMUNE

## Tilråding i formannskapet - 30.10.2018 til kommunestyret:

- Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:*

	Formannskap	Kommunestyre	Forvaltningsutvalet	Tenesteutv. oppvekst og kultur	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				18	18
Mars	19	28	5	13	14		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20					
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

- Utvala har følgjande møtestart:*

- *Formannskapet kl. 12.00*
- *Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)*
- *Tenesteutval for helse- og omsorg kl. 13.00*
- *Tenesteutval for oppvekst og kultur kl. 13.00*
- *Forvaltningsutvalet kl. 13.00*
- *Eldrerådet kl. 10.15*
- *Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00*

## Handsaming:

### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet og vedtak frå utvala, vart samrøystes vedteken.

## Vedtak i kommunestyret - 29.11.2018:

- Møteplan for 2019 for formannskap, kommunestyre, tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur, forvaltningsutvalet, eldrerådet og råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjent:*

	Formannskap	Kommunestyre	Forvaltningsutvalet	Tenesteutv. oppvekst	Tenesteutv. helse og omsorg	Eldreråd	FUNK
--	-------------	--------------	---------------------	----------------------	-----------------------------	----------	------



## VOLDA KOMMUNE

				og kultur	omsorg		
Januar	22		29	30	31		
Februar	5	14				11	11
Mars	19	28	5	13	7		
April	9		2				
Mai	14	23	27	8	9	13	13
Juni	11	20		5			
Juli							
August	27						
September	11 (valstyre), 17	26 (gamle)	3	11	12		
Oktober		1 val valnemnd og 24 (konst.)	15 (gamle)				
November	12, 19 og 26 (nye)	7 og 28 (nye)	19 (nye)	20 (nye)	21 (nye)	18 (nye)	18 (nye)
Desember	10 (gamle)	12 (nye), 19 (gamle)					

**2. Utvala har følgjande møtestart:**

- **Formannskapet kl. 12.00**
- **Kommunestyret kl. 14.00 (budsjettmøtet 12. desember kl. 10.00)**
- **Tenesteval for helse- og omsorg kl. 13.00**
- **Tenesteval for oppvekst og kultur kl. 13.00**
- **Forvaltningsutvalet kl. 13.00**
- **Eldrerådet kl. 10.15**
- **Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne kl. 14.00**

**PS 133/18 Orienteringssaker**

**OS 41/18 Kontrollutvalet - Sak 30-18 Oppfølging forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats**

**OS 42/18 Kontrollutvalet - protokoll frå møte 20.09.2018**

**OS 43/18 Revisjon av aksjonæravtale i Tussa**



## **VOLDA KOMMUNE**

### **Grunngjeve spørsmål - interpellasjon**

#### **FO 10/18 Grunngjeve spørsmål om butilhøva i Smalebakken**

Gunnar Strøm (SV) reiste grunngjeve spørsmål til ordføraren om butilhøva i Smalebakken. Ordføraren svara. Gunnar Strøm takka for svaret.

#### **PS 134/18 Delegererte saker frå avdelingane**

Møtet slutt kl. 15.10

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
30.11.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent